



Finnøy kommune



Finnøy framleis aleine?

Vurdering av konsekvensar

Finnøy – Mål og prioriteringar

- Som eigen kommune vil mål og prioriteringar i gjeldande styringsdokument liggje til grunn.
- Hovudmål i kommuneplanen:
 - «Finnøy skal oppretthalda busettingsmønsteret og fremja bulyst, livskvalitet og lokal utviklingskraft i alle delar av kommunen.»
- Fire prioriterte satsingsområde:
 - Folkehelse, Oppvekst, Næringsliv og Natur/kultur/miljø.


Kommuneplan for
Finnøy kommune
2014—26



DEI LYSE OG LEVANDE ØYANE

Samfunnsdel

Vedtatt av Finnøy kommunestyre 01.10.2014

 **Finnøy kommune** – *Saman for folk i Finnøy*



Åtte fordelar

- Kort avstand til kjernetenester som betyr mest for folk.
- Kvaliteten på kjernetenestene held jamt godt nivå.
- Lokal kunnskap, oversikt og entusiasme er ein viktig ressurs.
- Kort avstand på tvers av fagmiljø – og mellom folkevalde og administrasjon.
- Kommunen set i hovudsak sin eigen dagsorden.
- Lite byråkrati – ein kan snu seg fort rundt.
- Aktivt nærdemokrati med brei geografisk representasjon.
- Kommunen vil framleis ha ei stemme inn mot regionale og sentrale organ.



Åtte utfordringar

- Stadig strammare kommuneøkonomi.
- Krevjande å møta stadig nye krav og utfordringar utanfrå.
- Små og sårbare fagmiljø truar kapasitet, kompetanse og rekruttering.
- Kommunen blir meir avhengig av interkommunalt samarbeid.
- Effektiviseringspotensialet er marginalt.
- “Kjennskap og vennskap” har både positive og negative sider – kan mellom anna svekkja habilitet og profesjonalitet.
- Lite kapasitet og kompetanse til plan- og utviklingsoppgåver.
- Finnøy si stemme i regionen kan bli endå svakare.



Kommuneøkonomi

- Finnøy vil gå glipp av statlege “gulrøter” til kommunar som slår seg saman.
- Endringar i inntektssystemet har lågt utslag for Finnøy men bortfall av småkommunetilskott frå 2017 gir milliontap.
- Økonomiske innstrammingar vil koma til å ramma tenesteproduksjonen.
- Inntektsnivået (gebyr, avgifter og eigedomsskatt) vil framleis måtta leggjast på eit høgt nivå.

Oppsummert:

Med Finnøy som sjølvstendig kommune må ein ta høgde for mindre økonomiske rammer enn i dag, med konsekvensar også for tenestetilbodet. Avgiftsnivået vil framleis vera høgt.

Samtidig kan ingen i dag seia noko sikkert om kva økonomiske konsekvensar dei andre alternativa vil bety for Finnøysamfunnet. Også nabokommunane, ikkje minst Stavanger, har store utfordringar og vil måtta innstilla seg på svært stram økonomi.



Kjernetenester

- Kjernetenestene innan oppvekst, helse og omsorg held jamt god kvalitet.
- Lokal oversikt og kunnskap er kvalitetsdrivarar.
- Lettare å få til tverrfagleg samarbeid (eks. tidleg innsats) i små enn i store kommunar.
- Kort avstand mellom einingane og fagadministrasjonen.
- Større fagmiljø kan gi meir fleksibilitet og omstillingsevne i organisasjonen.
- Lite planleggings- og styringskapasitet kan på sikt svekkja utviklingskrafta.

Oppsummert:

Det er lite grunnlag for å forventa at kommunesamanslåing på kort sikt vil gi betre kvalitet på kjernetenestene enn om Finnøy blir ståande aleine. På lengre sikt vil likevel manglande fag-, planleggings- og utviklingskapasitet ha konsekvensar for kjernetenestene.



Spesialiserte tenester

- Utfordringane innan psykisk helse, rus, barnevern og NAV er stadig meir krevjande.
- Små og sårbare fagmiljø gjer det vanskeleg å sikra rekruttering og stabil bemanning av personale med etterspurd spesialistkompetanse.
- Knappe ressursar fører til at “brannsløkking” må prioriterast framfor førebygging.
- Utfordringane krev auka bruk av interkommunalt samarbeid.

Oppsummert:

Dersom Finnøy skal halda fram som eigen kommune, er det behov for ein fagleg gjennomgang av korleis kommunen i samarbeid med andre kommunar kan vidareutvikla eit berekraftig og forsvarleg tenestetilbod for innbyggjarar med behov for spesialisert hjelp og oppfølging.

Dei mest aktuelle tenesteområda er barnevern, rus og psykiatri, tenester i regi av NAV, spesialiserte helsetenester som følgje av Samhandlingsreforma, spesialpedagogiske oppgåver/PPT og kommunepsykologoppgåver.



Myndigheitsutøving

- Stadig fleire faglege og formelle krav utanfrå medfører auka press mot kapasitet og kompetanse i kommunen si rolle som myndigheitsutøvar.
- Lokal kunnskap og kjennskap er både ein ressurs og ein trussel mot profesjonalitet (mellom anna habilitet/inhabilitet).
- Kommune med god generalistkompetanse, men sårbar når det gjeld meir spesialisert fagkompetanse og forvaltningskompetanse.
- Administrasjonen blir oftast ramma mest av økonomiske innstrammingar.

Oppsummert:

Også innan myndigheitsutøving vil eit Finnøy som står aleine ha behov for ein gjennomgang av type og omfang av interkommunalt samarbeid for å møte stadig nye utfordringar. Kva slags forvaltningsoppgåver kan/bør kommunen framleis løysa aleine, og kva slags funksjonar er det mest naturleg å samarbeida med andre kommunar om? Kven er det mest naturleg å samarbeida med, og korleis kan eit utvida interkommunalt samarbeid organiserast?



Samfunnsutvikling

- Ein liten administrasjon vil verken ha kapasitet eller kompetanse til å prioritera samfunnsutviklingsoppgåvene så høgt som ønskeleg.
- Kommunen vil framleis vera avhengig av å kjøpa konsulenttenester i eit betydeleg omfang.
- Fagmiljøet knytta til lokalt næringsliv og Ryfylke Næringshage er ein viktig ressurs.
- Det ligg eit betydeleg utviklingspotensial i tett samarbeid og samhandling mellom kommunen, aktive grendelag og andre lokale organisasjonar.

Oppsummert:

Finnøy vil ikkje som eigen kommune vera sjølvforsynt med den plan- og utviklingskompetansen som trengst for å møte mange nye og store utfordringar i eit samfunn der endringstakten blir stadig større.

I den viktige samhandlinga mellom kommune og andre lokalsamfunnsaktørar (næringsliv, grendelag, frivillig sektor) utgjør lokalkunnskap, nærleik og kontakt mellom aktørane ein stor positiv forskjell. Her har «Finnøy-alternativet» fordelar framfor ein kommune der avstanden mellom kommunen og nøkkelaktørar i lokalsamfunnet er langt større.



Lokaldemokrati

- Eit sterkt nærdemokrati er ein av Finnøys viktige samfunnsressursar.
- Lokaldemokratiet har ombodstanken som sentral berebjelke. Dei folkevalde ser på seg som representantar for folk i sine lokalsamfunn.
- Dei lokale perspektiva kan bli så sterke at politikarane kan ha problem med å løfta blikket og tenkja heilskapleg.
- Interkommunalt samarbeid medfører ei viss svekking av lokaldemokratiet, men gir samtidig framleis Finnøy kommune ei stemme “rundt bordet”.

Oppsummert:

Ved å halda fram som eigen kommune vil Finnøy framleis ha eit lokaldemokrati med relativt mange lokale folkevalde. I ein større kommune er det usikkert kor sterk representasjon kommunen vil få i dei folkevalde organa som har mest å seia for utviklinga på øyane.

Som ein liten kommune i regionen vil Finnøy på den eine sida ha relativt liten påverknad i interkommunale organ som bestemmer den regionale utviklinga på Nord Jæren og i resten av Ryfylke. På den andre sida vil kommunen framleis vera sikra tilgang til regionale og sentrale organ og ha høve til å fremma øyane sine interesser der. I ein storkommune kan denne stemma lettare stilna heilt.